

Saksprotokoll i fylkestinget - 04.10.2016

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Legg til *og lærlingar* på innstillinga punkt 1.6:
Identifikasjon og oppfølging av elevar *og lærlingar* i faresonen for fråfall»

Benthe Bondhus (Sp) sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 6 i innstillinga:
Viktige vert stroke i siste setning.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-5 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 6 med Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteken mot ingen røyster for innstillinga.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:
 1. Investeringsplanlegging
 2. Arkivering og journalføring
 3. Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel
 4. Vedtaksoppfølging
 5. Internkontroll
 6. Identifikasjon og oppfølging av elevar og lærlingar i faresonen for fråfall
 7. Psykososialt læringsmiljø
 8. Beredskap på vegnettet
 9. Vurdering av læringsutbytte
 10. Særskilt om språkopplæring
 11. Kulturminneforvaltning
 12. System og rutinar for bierverv
 13. Tilskotsforvaltning
2. Planen erstattar revidert plan forvaltningsrevisjon for perioden 2012 - 2016.
3. Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 - 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.
4. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Revisjonsrapportane skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.